

# Årsmelding 2015

«Sjå, eg gjer noko nytt. No spirer det fram.  
Merkar de det ikkje?» Jes. 43, 19

IMS sitt 151. arbeidsår er tilbaketrudd, og det er tid for oppsummering og statusrapport.

Arbeidet til IMS femnar vidt, både geografisk og arbeidsmessig. Å fremja Guds rike er eit av føremålet vårt. Det kan den enkelte gjera der han eller ho bur. Det kan skje gjennom arbeidet i barne- og ungdomslaget eller indremisjonsforeininga. Det kan skje på dei to leirstadane våre, på Framnes - og inspirasjon kan me få ved å lesa kristen litteratur. Me treng IMS, institusjonane våre, laga og foreiningane våre. Me treng å vera nett der me er – blant folka våre – for å vera med å tena og fremja Guds rike.

## MØTEVERKSEMD

Å forkynna Guds ord gjennom møteverksemd er framleis berebjelken i arbeidet vårt. Om me tel alle lags- og foreiningsmøter som vert gjennomført i løpet av eit år i bygdene, forkynning på leir og på Framnes, er det mykje godt sårarbeid som vert gjort.

Det er viktig at me gjennom møteverksemda er både oppover-, innover- og utovervendt; Det er viktig at vårt fokus er oppover mot Gud. Me skal vidare ha arrangement som gjer at dei truande kan få «mat», t.d. bibeltimar. Samstundes skal me ha arrangement som er meir utovervendt, t.d. pizzakveldar og basarar der det er lettare for «kven som helst» å koma. Mange lokalforeiningar er kreative på ulike typar tilstellingar som appellerer til fleire enn dei som vanlegvis går på bedehuset. Me kan nok bli flinkare å dela suksesshistoriane med kvarandre.

Det er viktig å kjenna gleda ved å møtast på tvers av generasjonane. Ofte kan det vera ei utfordring å få til i eitt og same arrangement der mange behov skal dekkast. Likevel er det

viktig å etterstreba det, for me treng kvarandre som bror og søster, son og dotter, far og mor. Samstundes er det klart at me treng arrangement for ulike grupper, for å lettare kunne tilpassa og nå denne bestemte gruppa.

Det er framleis slik at mange indremisjonslag er flinke til å søkja etter talarhjelp, medan andre høyrer me sjeldan frå. Ver frimodig og be om hjelp. I tillegg til eigne arbeidarar og frivillige, har me det siste året fått god talarhjelp frå ImF, så me kan nå langt ut. Spesielt kan det vera utfordrande å plassera talarar i vekene. Sjølv om me oppfordrar til jevnlege møter på bedehuset, for dei foreiningane som har høve til det, er ikkje møtevekenes tid heilt forbi. Spesielt små bedehusforsamlingar kan oppleva det like lett og verknadsfullt å samlast fleire dagar etter kvarandre nokre gonger i året, enn å ha jevnlege søndagsmøter. Guds ord er verkekräftig. Difor er det viktig å samlast når Guds ord vert forkynt.

## FOREININGANE

Den beste måten å nå eit lokalsamfunn på er gjennom dei lag og foreiningar Gud har planta på kvar enkelt stad. Me er svært glade for alle lokale leiarar som tar i store tak, ivrar for foreininga og folket i bygda. De er med og held oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid (§ 3 i lovane for IMS). IMS sitt mål og ynskje er å vera til best mogleg hjelp for laga, det vera å senda talarar, arrangera leiarsamlingar og andre arrangement som kan koma mange foreiningar i IMS til gode. Å hjelpa lokalt leiarskap med bevisstgjerjing av arbeidet og endringsprosessar er også noko me, saman med ImF, ynskjer å bidra med.

I løpet av dei siste 15 åra har 12-13 bedehus i IMS-regionen blitt solgt eller arbeidet avvikla. Fleire stader er det ei naturleg utvikling dersom det ikkje er folk i bygda til å driva arbeidet lengre. Så slepp ein i alle fall

vedlikehaldsutgiftene med bedehuset. Somme stader kan det også vera fornuftig å slå foreiningar saman, så slepp ein å bli motlaus ved at nokre få skal samlast til møte på kvar plass. Ressursane blir fleire, og det kan føra til ny glød i arbeidet. Samanslåing av foreiningar kan vera krevande prosessar følelsemessig å gå inn i. I fleire bygder fungerer gjerne bedehuset som samlingsstad for bygda ein eller to gonger i året. Dette er flott der det er det einaste ein kan få til! Skal den truande forsamlinga veksa, er det likevel viktig med jevnlege samlingspunkt for å bli oppmuntra, styrka og utfordra i trua.

### **Foreiningane i IMS i dag:**

Pr nyttår var det totalt 166 lag, foreiningar og kontaktar, fordelte slik:

- Indremisjonsforeiningar 63
- Kontaktar 20
- Kvinneforeingar 15
- Mannsforeiningar 1
- Andre lag og foreiningar 2
- Kor 8
- Barne- og ungdomslag 58

Dette er ein nedgong på 5 lag/foreiningar frå 2014.

### **UTFORDRINGANE/MOGLEGHEITENE**

Ved eit årsskifte er det også tid for statusrapport. Mange lokale foreiningar deler IMS sin visjon om å bygga varme inkluderande fellesskap, vinne nye for Jesus og gjera dei til hans disiplar.

Å driva eit så vidtfemnande arbeid har rike moglegheiter, også til vidareutvikling:

#### ✓ **Vinn me nye?**

Det må vera eit sentralt spørsmål. Viss svaret er nei, kva er årsaka, og kva moglegheiter har me? Svaret er samansett. Er me blitt for lunkne – er me opptatt av å læra nær Gud sjølv? For innovervendte? Har me tid til å byggja relasjonar med folk i bygda, visa litt

godhet? Vågar me å gi ansvaret vidare til neste generasjon? Leitar me etter nye leiareme? Er det nye måtar me kan vinna menneske for Jesus på?

#### ✓ **Gjer me folk til disiplar?**

Me er svært takknemlege for at mange i dag blir bevarte som kristne gjennom arbeidet i lag og foreiningar, gjennom leir og ulike arrangement. Mange veks også. Men kan me nå lenger? Kan me gjera fleire til disiplar? Og kva skal til for å gjera disiplar? Fylgjer me Jesus sjølv? Gjerne er me for travle med alle aktivitetane på bedehuset? Har me plass til nye i bibelgruppene våre? Er det ei strategisk satsing å tilby alle som går på bedehuset fellesskap i ei samtalegruppe/bibelgruppe der trua kan veksa? Er me interessert i å vera åndelege mødre og fedre for yngre i forsamlinga?

#### ✓ **Har me varme inkluderande fellesskap?**

Og det er vel aller mest her me må starta; både for å vinna nye for Jesus, og gjera til Hans disiplar. Får me og gir me varme blikk og god omsorg? Er det godt å trø innanfor bedehuset? Kan eg ta med meg kven som helst på bedehuset og vita at her vil dei bli godt tatt imot? Kulturen og tradisjonen på bedehuset er vår glede og utfordring. Er det lov å koma med nye tankar, nye songval, ynskja nye møteformer? Er det godt å møtast på tvers av generasjonane?

#### ✓ **Våre nye landsmenn**

Fleire lokale foreiningar og enkeltmenneske har fått god kontakt med våre nye landsmenn. Mange opplever det som stor velsigning å få dei med i det kristne fellesskapet. Her har me ein stor moglegheit fleire stader.

#### ✓ **Kva betyr det å halda oppe eit livskraftig indremisjonsarbeid (§ 3)?**

Dette kan bety at arbeidet skal vera funksjonsdyktig, sterkt og robust. Arbeidet skal leva vidare og utviklast.

Då kan spørsmåla bli: Vil arbeidet leva vidare – om 10-20 år? Viss ikkje, kva må til for at dette skal skje? Utviklar me oss, eller snur me berre aktivietsskalendaren frå år til år?

#### ✓ **Korleis bevisstgjera lokalt leiarskap?**

Endring kan vera krevande. Det enklaste er å gå i gamle fotspor og opptrakka stiar. Veit me kor me vil, og veit me korleis me kjem dit? Det siste året har me i ulike fora (Hyrderåd, styremøte, ImF-samanheng) snakka om betydningen av bevisst lokalt leiarskap. Dette gjeld både i forhold til kyrkjesituasjonen, kven ein inviterer inn i forsamlinga, men ikkje minst også korleis ein kan få til vekst. foreiningar/forsamlingar.

Spørsmåla er mange og vanskelege, og moglegheitene enorme. IMS ynskjer å vera til hjelp for lokale lag og foreiningar og går gjerne fleire mil saman i prosessar og tankegong. Kontinuerleg ynskjer me å stilla spørsmåla: Korleis kan me driva arbeidet på best mogleg måte, og vera til hjelp for nettopp laga og foreiningane som me skal tena. Til dette treng me innspel frå dykk det gjeld.

#### **ARBEIDARANE**

Arbeidarane er vår viktigaste ressurs, og det er nødvendig å satsa på fast tilsette arbeidarar. I tillegg er me svært glade for alle frivillige som stiller opp i forkynnarverksemd, pakkjar Venen og hjelper til med andre oppgåver. Nokre foreiningar har eigne tilsette arbeidarar som dei lønar sjølv. Dette gjeld Voss Indremisjon og Norheimsund og Øystese Indremisjon. Liv Rolfsnes er tilsett som områdesekretær i Odda/Ullensvang og utfører elles noko forkynnarverksemd for IMS. Kåre Johan Hamre brukar noko av arbeidstida si lokalt i Granvin, og Marit Andresen Røen er engasjert i barnekor på heimstaden.

#### **Arbeidarane i 2014 har vore:**

Marit Hårklau Ådnanes  
Dagleg leiar 80 %

Guri Bjørnevik  
Kontorleiar 80 %

Kåre Johan Hamre  
Forkynnar 100 %

Marit Andresen Røen  
Evangelist 50 %

Liv Rolfsnes  
Områdesekretær 50 %

Olav Eikemo  
Forkynnar 50 % januar – mars og september – november

Aksel Ingvard Johannessen  
Forkynnar, avtalte dagar

Arne Lindekleiv  
Administrasjonskonsulent ca 20 %

Ingfrid Byrkja Hystad  
Barnesekretær 80 %

Linda Aase  
Ungdomssekretær 85 % fram til 31. juli

Jakob Saghaug  
Ungdomssekretær 85 % frå 1. august

Lise Marie Thuestad Litlabø  
Barne- og familiearbeidar 50 %

Johannes Olsen  
Leiararbeidar 20 %

Lars Magne Ådnanes  
Ungdomsarbeidar 25 %

T2-elevar frå august:

Adelin Fylkesnes  
Inga Lill Nord  
Morten Habbestad  
Rebekka Vartdal

#### **Tilsett av lokalforeiningar**

Knut Kvamme  
Forsamlingsleiar Voss 60 %

Berit Hauge Våle  
BUF-arbeidar Voss 30 %

Vidar Sangolt  
Ungdoms- og forsamlingsarbeidar i  
Norheimsund og Øystese 80 %

#### **Tilsette på Brandøy**

Rakel Saghaug  
Konstituert husmor, timebasert, 1. januar -  
1. august

Andreas C. Våge  
Dagleg leiar 40 % frå 1. august

Annbjørg Naterstad Våge  
Nestleiar 60 % frå 1. august

Daria Holowinska  
Kokk 100 %

Utanom frivillige, har også desse arbeidd på  
Brandøy i 2015: Bodil Stave, Sonja Toadalen  
Sævik, Anny H. Storvik, Kristine Bastlien,  
Astrid-Helene Fagerheim og Barbro Toadalen  
Sælevik.

#### **Fritidsforkynnarar:**

Gjennom året har me mange  
fritidsforkynnarar som tar enkeltmøte og  
møteveker for oss. I 2015 har desse vore ute  
på møte:

Ingebrigt S. Sørfonn, Toralf Steinsland, Svein  
Bjarne Aase, Jens Tveit, Ola Malvin Lomheim,  
Arne Lindekleiv, Ove Tvedt, Klaus Muff,

Halvard N. Sveen, Marit Dahl Hollund, Håkon  
C. Hartvedt, Hans Arne Børsheim, Audny  
Jespersen, Dagny Ness, Karl Johan Hallaråker,  
Ragnhild Nesse, Harald Rydland, Knut Inge  
Røen

#### **Frå ImF-samanheng:**

Erik Furnes, Randi Ljønes, Sverre Dag Ljønes,  
Håkon Garvo, Tor Ingvald Lauvrak, Leiv  
Nesheim, Marit Stokken, Irene K. Alnes, Roald  
Evensen, Aud Karin Kjølvik Ringvoll, Ragnar  
Ringvoll, Torgeir Lauvås, Ruben Lie Monsen,  
Linn Jeanett Sirevåg, Ingbjørn Vingen, Otto  
Dyrkolbotn, Bjarte Vesetvik, Torgeir Skrunes,  
Per Gunstein Nes

#### **Frå andre organisasjonar og DNK:**

Aksel Lygre, Svein Arne Theodorsen, Jorunn  
Singstad Djupvik

#### **ARRANGEMENT**

##### **Sommarens Storsamling, Bremnes 17.-19.**

##### **juni**

«Vekst» var temaet for årsmøtet på Bremnes,  
og ekteparet Aud Karin Kjølvik og Ragnar  
Ringvoll var hovudtalarar. Undertema for Aud  
Karin på bibeltimen var «Gud gir vekst».  
Kristen vekst handlar både om antal og  
mogning. Søndag føremiddag tala ho om å  
«vekse i nåde og kjennskap til Jesus». Det  
handlar om å leva i relasjon med Jesus, og  
kjenna krafta i hans oppstode. Laurdag kveld  
talte Ragnar over temaet «Posisjon, ikkje  
prestasjon». Å bli frelst er ikkje ein prestasjon.  
Du kjem i posisjon fordi du erkjenner at det  
var ein som døydde for deg.

Sveinung Hølmekbakk og Bømlø Gospel opna  
med flott konsert fredag kveld. Det var godt  
med fram møte under dei fleste samlingane;  
rundt 600 menneske.

Vidar Sangolt hadde også i Bømløhallen gjort  
ein stor jobb med å samla saman band- og  
forsongarar, samt at han hadde ansvar for lyd

og lys. Det er med og løftar heile arrangementet. Laurdagkvelden hadde dei «Sommarkveld» - konsert der dei framførde Trygve Bjerkeim og Lina Sandell songar. Det er flott at Sunnhordlandsmusikken trufast gler oss med song år etter år. Søndag under Storsamlinga var det også eit friskt innslag å ha med oss Soul Children.

106 utsendingar var samla til årsmøtesaker laurdagen. Det var eiga sak om idrettshall på Framnes, og i samtale om arbeidet, var det fokus på vidareutvikling av Helgatun, og elles «fellesskap» som tema.

Me er glade for at Sommarens Storsamling er blitt ei samling for heile familien. Alle generasjonar var saman under fleire møte, medan andre gonger var barn og ungdom samla til eige program. Chris med dukka Øystein var med barna, og hadde i tillegg show i Bremnes sentrum laurdagen. Alle husstandane på Bømlo hadde i forkant av arrangementet mottatt Chris/Øystein CD i posten. Evangeliseringsfondet til ImF gav økonomisk støtte til prosjektet, i tillegg til lokale lag og foreiningar.

Tusen takk til indremisjonsforeiningane på Bømlo med alle sine frivillige som stilte opp, og gjorde ein fantastisk innsats før, under og etter arrangementet.

### **Evangelisering under Skånevik bluesfestival og Tysnesfest**

Det er femte året på rad at frivillige, saman med utsendte frå OAC (Open Air Campaigners) og IMS-arbeidarar var tilstades med evangeliseringsteam under Bluesfestivalen i Skånevik. I Katinkasvingen ved sjøen vert det sett opp partytelt og her kjem ein borti mange djupe samtalar.

Også på Tysnes stiller OAC opp med mannskap, i tillegg til eigne arbeidarar og 30-

40 frivillige lokalt. 26.000 menneske var innom Tysnesfest i sommar. Også her vert det rapportert om gode tilbakemeldingar; festivalleiinga tar tiltaket med i programbladet og det er eit unikt høve til å samtala med menneske som har eit perifert forhold til kristendommen. Me fekk økonomisk støtte til Pit stop gjennom ImF sitt evangeliseringsfond.

### **Brandøydagen**

Alle ingrediensane som høyrer ein god Brandøydag til var tilstades då den på ny vart arrangert 23. august; godt fellesskap med folk i alle aldrar, Guds ord, song, betasuppe, kaker og nydeleg ver. Torgeir Lauvås talte på stormøtet kl 1100, samtidig som det var eige barne- og ungdomsprogram. Ingfrid Byrkja Hystad talte på ettermiddagsmøtet. Det spesielle denne dagen var at nytt styrarpar også vart presentert og bedt for. 1. august starta Andreas C. Våge som dagleg leiar på Brandøy og kona Annbjørg Naterstad Våge som nestleiar.

### **Haustmøte**

«Glede» var temaet for Haustmøtehelga i Leirvik bedehus 2.-4. oktober. Og det var mykje glede denne helga. 160 feststemte sunnhordlendingar fekk med seg Go`fredag der tre-retters middag vart servert. Arne Nordbø var konferansier og Ingebrigt S. Sørffonn formidla «Glede i 15 min». John Inge Rolfsnes med band leia oss i allsong og framførte sjølv flott solosong. Tusen takk til alle frivillige som gjorde denne kvelden mogleg.

Laurdag var det bibeltime ved Knut Kvamme med tema «Gleda i Kristus». Nancy Karine Sangolt med band formidla gamle tekstar i ny drakt med vakre sjølvlagde melodiar, både under bibeltimen og under «Vi møtes» seinare på kvelden. Kveldens gjest var her John Morten Espevik og appell ved Ingebrigt S. Sørffonn.

Søndagen var IMS representert på gudstenester i Stord og Bremnes kyrkje, og det var møter i 10 lokale bedehus.

#### **Viktige arrangement elles:**

Kvinnehelger:

Damehelg Brandøy: februar

Kvinnehelg Brandøy: september

Kvinnehelg Helgatun: oktober

Brandøytreffet: februar

Vårtreff Brandøy: april

Pusterom Helgatun: oktober

#### **Haustkonferansen**

Fleire år på rad har me gjennomført Haustkonferanse på Helgatun for leiarar og styremedlemer i lokale foreiningar, men også for andre interesserte. Over 80 menneske frå distriktet vårt hadde funne vegen til Helgatun 30. oktober – 1. november. Mange av deltakarane var frå Nain, Voss Indremisjon, og fleire av våre nye landsmenn var med på å gjera Haustkonferansen til eit ekstra fargerikt fellesskap. Espen Ottosen frå NLM var hovudtalar og hadde oppe viktige tema som «I verda, men ikkje av verda», «Sanninga tru i kjærleik» og «korleis formidla Jesus som Frelsar i vår tid». Under haustkonferansen hadde me presentasjon og forbønshandling for dagleg leiar Erlend Nilsen, samt nestleiar Synneva Midttun.

#### **Nytt: Ressursgrupper**

Våren 2015 vart det starta ei ressursgruppe for hovudleiarar i lokale foreiningar i Hardanger. To tilsvarande grupper vart starta i Sunnhordland hausten 2015. Ei gruppe består av fem – sju medlemmer, og møtest to gonger i semesteret. Samtale og case om arbeidet står i fokus, så ei økt på tre timar går fort unna. Målet med gruppene, uttrykt i invitasjonen, er mellom anna: «Gjennom samtale og refleksjon ynskjer me å hjelpa

*kvarandre til å voksa som sunne leiarar, og utrusta kvarandre til tenesta.»*

#### **Julemesser**

Ein fantastisk innsats blir gjennomført av frivillige før og under IMS sine to julemesser. På Tysnes si julemesse 20.-21. november kom det inn kr .... Bremnes hadde i år flytta messa tilbake frå ungdomsskulen til Rådhuset, noko som vart suksess. Ny rekord i brutto inntekter på kr ... Messene er viktige møtestader for bygdefolket, både åndeleg og sosialt. Tusen takk for flott innsats, og kjærkomne inntekter til arbeidet IMS driv.

#### **FRAMNES, BRANDØY OG HELGATUN**

Me er svært glade for at Framnes, Brandøy og Helgatun er ein del av arbeidet vårt – ein særst viktig del. Gjennom leiar og arrangement på Brandøy og Helgatun har mange møtt Jesus, blitt bevart i trua, og gode møtepunkt mellom menneske har blitt til. På Framnes har me vårt største ungdomsarbeid med rundt 260 elevar. Tusen takk til personalet på desse stadane som gjer ein formidabel innsats.

Viser elles til eigne årsmeldingar.

#### **MEDIA**

[www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no) og Facebook

I skrivande stund har Facebook-sida 806 likarar. Dette er eit nyttig verktøy om me raskt vil ha ut beskjedar, invitera til ulike arrangement m.m.

I 2015 gjennomførte me nye rutinar for påmelding leir og andre arrangement. Målet er no at flest mogleg av påmeldingane skjer direkte via påmeldingsskjema nett. Me har framleis eit potensiale i å få ut meir info på nettsida. Dette er arbeidskrevande og har hittil ikkje hatt første prioritet.

#### **IndremisjonVenen**

Kretsbladet vårt har i dag ca 3.800 abonnentar, og kjem ut med fem nummer i

året. Her finn du glimt frå arbeidet, oversikt over arrangement, reiserute for arbeidarane, andakt med meir. Dessverre har me mista ein del abonnentar det siste på grunn av posten si innskjerping på gateadresser. Samtidig har det heldigvis også kome nye abonnentar til.

Gjennom året får abonnentane tilsendt fire gåvegiroar, i tillegg til bladgåvegiro. Slik får IMS inn ei kjærkomen gåve. Ei stor takk til Jan-Ove Fagerheim som har ansvaret for layout på bladet.

### **SunnBok A/S**

Å lesa kristen litteratur, i eit stadig meir sekularisert samfunn, er noko me i endå større grad kan oppmuntra kvarandre til. Den kristne bokhandelen sel ikkje berre bøker og musikk. Her kan du også finna gåveartiklar, kontorrekvisita med meir. Det er viktig at me nyttar bokhandelen vår i ein pressa kvardag, der stadig fleire bokhandlarar vert nøydd for å leggja ned. Rekneskapen viser eit overskot (?) på kr .... SunnBok er eigd av IMS og Stord Indremisjon. Tove Iren Notland er dagleg leiar og Rune Kvilhaugsvik styreleiar.

### **ØKONOMIEN**

Det har vore eit spennande år økonomisk. Då rekneskapen pr 30. september viste heile 1,4 millionar i minus, gjekk me ut med bekymringsmeldingar i Venen, til lag og foreiningar, samt enkeltpersonar. Det varmar oss å sjå at misjonsfolket tok krafttak og viste ansvar. Mot slutten av året kom det inn store gåver, både frå enkeltpersonar og lag. Me hadde også julemesser m.m. som gav oss gode inntekter. Rekneskapen viser til slutt eit overskot?? på kr .... I forhold til fjoråret er dette ei auke i gåveinntektene på kr ... Å driva misjon er ei utfordring økonomisk sidan all vår verksemd vert drive av gåveinntekter. Ofte kjem dei i rykk og napp, samt det kan vera vanskeleg å budsjettera kor store gåveinntektene blir. Per nå er aktiviteten for stor i forhold til inntektene. Me har hatt ein

grundig økonomisk gjennomgong i haust og iverksatt kostnadsreducerande tiltak, samt tiltak for å auka økonomien. I november hadde me til dømes ein aksjon for å få fleire faste givarar.

### **IMS-STYRET**

Fram til årsmøtet i 2015 var styret samansett slik:

Ingebrigt S. Sørfonn – formann

Kristoffer Tjelle – nestformann

Marit Lindekleiv, Anlaug Harestad, Anfinn

Økland, Edmund Thormodsæter, Kåre

Stautland, Eivind Hetland – 1. vara, Anne

Marie Solsvik – 2. vara, Marit Tislavoll – 3.

vara.

### **Etter årsmøtet 2015 var samansetjinga slik:**

Ingebrigt S. Sørfonn – formann

Edmund Thormodsæter – nestformann

Marit Lindekleiv, Anlaug Harestad, Anfinn

Økland, Edmund Thormodsæter, Bernt Arild

Gjøvåg, John Morten Espevik, Anne Marie

Solsvik – 1. vara, Kristoffer Tjelle – 2. vara,

Eivind Hetland – 3. vara (bedt om fritak).

Styret har hatt 6 styremøte og handsama 85 saker. Mellom anna har styret handsama økonomi- og budsjettarbeid, planlegging av større møter, hall Framnes, dagleg leiar situasjonen Brandøy og Helgatun, samtale om arbeidet. Styret har jevnleg fått orientering om arbeidet på Brandøy, Helgatun Framnes og SunnBok.

Styret har hatt eit styremøte på Helgatun der me møtte Helgatunstyret, eit på Brandøy saman med Brandøystyret, og eit på Framnes der me møtte både avdelingsleiarane og Framnesstyret.

### **EIGE HUSSTYRE FOR IMS-BYGGET**

Det krev mykje i drift og vedlikehald for å følgja opp IMS-huset. Me er difor glade for at det i 2015 vart gjeninnført eige husstyre.

Styret består av Svein Bjarne Aase (leiar), Arne Lindekleiv (sekretær), Oskar Emil Langeland, Dag Myhre og John Morten Espevik. Styret skal ha ansvar for dagleg tilsyn og vedlikehald av eigedommen.

### **HYRDERÅDET**

Hyrderådet består av formann i IMS; Ingebrigt S. Sørffonn, Knut Kvamme og Olav Eikemo. Dagleg leiar har møte- og talerett. Hyrderådet var samla til eitt møte i 2015.

### **TAKK OG GLEDE**

Sjølv om det alltid vil vera utfordringar og spørsmål ved arbeidet me driv, har me mykje å gle oss over. Me ynskjer å vera Ordet nær, og mennesket nær. Me når ut med Guds ord til folket. Mange gode møteplassar mellom Gud og menneske, samt menneske til menneske, vert skapt gjennom året.

Me gler oss over å få stå saman i tenesta med flotte og trufaste tilsette og frivillige medarbeidarar. Det gjeld arbeidarar på Framnes, Helgatun, Brandøy og SunnBok, forkynnarar, barne- og ungdomsarbeidarar, tilsette på kontoret, tilsette på bedehus og områdearbeidarar.

Ikkje minst, vil me retta ei stor takk til misjonsvener som trufast held oss og arbeidet oppe gjennom bøn, oppmuntringar, økonomiske gåver og dugnad. Takk til deg som står på i lokalt arbeid år etter år. Må Gud velsigna dykk alle rikt!

Ingebrigt S. Sørffonn – formann  
Edmund Thormodsæter – nestformann  
Marit Lindekleiv  
Anlaug Harestad  
Anfinn Økland  
Bernt Arild Gjøvåg  
John Morten Espevik  
Anne Marie Solsvik – 1. vara  
Marit Hårklau Ådnes – dagleg leiar